



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15844 - 21/64115

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
28.09.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 43/19 Natås

**Tiltak:** Gjenoppbygging av bustad etter brann  
**Byggjestad:** Gbnr: 43/19  
**Tiltakshavar:** Ireneusz Roman Gotowala  
**Ansvarleg søkjar:** Ing Asbjørn Danielsen AS

Saka gjeld søknad om gjenoppbygging av bustad etter brann på gbnr 43/19 Natås.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål i kommunedelplanen for Lindås (planid 1263-201805), men er omfatta av reglane for bygde eigedomar med status som LNF-spreidd, jf. føresegn 3.4.7 i kommunedelplanen. Oppføring av ny bustad er ikkje i samsvar med dei tiltaka som det er opna for i føresegna og tiltaket krev derfor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå LNF-føremålet.

Avløpsanlegget skal plasserast innanfor byggegrensa langs vassdrag som er 20 meter, jf. føresegn 2.6.1, og tiltaket krev derfor at det vert søkt og gitt dispensasjon også for dette forhold.

Søknaden har ikkje vore send på høyring.

### Administrativ handsaming

Kommunen gav dispensasjon og løyve til oppføring av ny bustad i vedtak datert 23.09.2021. Vedlagt følgjer vedtaket til klagevurdering

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

**Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til gjenoppbygging av bustad etter brann - gbnr 43/19 Natås  
102 Snitt A-A og B-B rev1  
103 Fasader rev1  
100 Plan kjeller rev1  
101 Plan 1 etg rev1  
Basiskart rev1

**Kopi til:**

Ing Asbjørn Danielsen AS	Fabrikkgaten 5	5059	BERGEN
Ireneusz Roman Gotowala	Årshøgda 27	5943	AUSTRHEIM

**Mottakarar:**

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER